

Referat frå FAU-årsmøte 7. mai 2024

Straumen skule

Saker

Informasjon

- FAU har hatt tre fysiske møter og fleire digitale samtaler.
- FAU har hatt to eigne arrangement og delteke på to skule-arrangement.
- Linn har delteke i TKFU.
- Hilde har delteke på fellesmøte i forhold til fokus på lærebøker i Tysværskulen.

Økonomi

Regnskap viser saldo pr. dags dato ca. kr. 17 000,-. Saldo 15.08.23 var kr. 37 000,-

Arrangement

Alle arrangementa har vore gratis for elevane. Me har fått mykje sponsa frå ulike bedrifter. Det er forventa noko inntekt på 17. mai.

Val av nye klassekontaktar

Det et sett FAU for neste skuleår. Leiari i FAU kallar inn det nye styret etter skuleferien i august/september.

Det ligg oversikt på medlemmer i FAU og referat frå møta på skulen si side på Tysvær kommune si heimeside.

Nytt frå rektor

Grete og Maren er konstituert for eit år. Målet er å ha eit større leiarteam for begge skulane. Maren kjenner godt både Straumen og Grinde gjennom rolle i PPT.

Dette er ikkje eit ledd i nedleggingsprosess. Det er ei stor utfordring med rekruttering av lærarar. Det vil også bli mulegheit for å rullere personalet mellom skulane. Dei vil få eit større fagleg miljø.

Grete vil ha ansvar for alt foreldresamarbeid.

Inspektørane vil ikkje vere fordelt på kvar sin skule. Grete vil spele på ressursane til dei to inspektørane og bruke dei aktivt. Det er gode søkerar til begge stillingane som er utlyst.

Neste år er det aktuelt å slå saman klassar:

- 1. og 2. klasse har felles klassekontakt, men har to lærarar i klassen.
- 3. og 4. klasse blir slått saman med to lærarar.
- 5. og 6. klasse skal vere noko saman, men ha kvar sine kontaktlærarar.
- 7. klasse skal vere åleine.

Planar for våren

Junifest og 7. klasse fest. Det må settast datoar for dette.

Skulen er i gong med kunstprosjekt: Lars Hertervig. Det er et ønske å reise til Borgøy med heile skulen.

Fjelltur til Ørnå

7. klasse tur, dersom klassen vil ta to skuledagar fri til tur, må det jobbast inn eller kombinerast med fokus på kompetansemål. Det må vere ein dialog med kontaktlærar om dette.

Nytt frå bygdalaget

Rune Baustad, leiar i bygdelaget og nestleiar i Skjold IL informerer.

Loftet og straumaravn

Loftet har vore i bruk frå desember. Tilbodet på tysdagar er populært. Dei litt eldre har ikkje like stort oppmøte. Det er til bruk for alle som ønsker. Marian Aldaker er kontaktperson.

Straumaravn fungerer bra.

Spørsmål om kva ein skal gjere om det ikkje er ungdommar som kjem. Kan gå ein runde, kjøre til og frå. Kjøkkenet bør vere låst, men loftet kan opnast. Bør presiserast i instruksen.

Det er ein del som skjer etter kl. 21:00, når ungdommen veit at Straumaravn er ferdig å gå. Kunstgrasbanen Banen er snart klar. Planen er at den skal vere klar førstkommande fredag. 22. juni skal det vere offisiell opning med fotballkamp, kiosk, musikk og mykje liv.

Sommaraktiviteter

Offisiell opning av banen og båtkonsert 22. juni Slusedans 8.juni Sluseløp 1. september Sankthansfeiring på Notaflot 19. juni

Hos oss Prosjekt gjennom Skjold IL, aktiviteter for barn i grunnskuleaktivitetene i Straumen og Grinde. Alle arrangement er gratis og opent for alle i alderstrinn. Det er alltid gratis mat. Påmelding i forkant. Følg på Facebook og Instagram kor aktivitetane blir annonser. Det vil også bli aktivitetar i løpet av sommarferien.

Nye prosjekter

Ørnå-tursti vil bli oppgradert, og paddlebane på Notaflot er under planlegging.